

# Holmedal barnehage

## Årsplan del 1 – generell del Gjeldande frå 2022-2026



Haugane 1, 6982 Holmedal

Tlf. 48958534/99295005.

E-post: [sidse.l.anita.ekblad.itland@askvoll.kommune.no](mailto:sidse.l.anita.ekblad.itland@askvoll.kommune.no)

# Velkommen til Holmedal barnehage.

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samråd og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling» (Rammeplan for barnehagen 2017, s 7).

Barnehagen sin årsplan byggjer på barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Rammeplanen er eit verktøy som skal gje styrar, pedagogisk leiar og personalet elles ei forpliktande ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen.

Ein årsplan skal vere ein arbeidsreiskap for personalet i barnehagen. Den skal vere rettleiande for oss gjennom heile barnehageåret, men ikkje heilt bindande. Det vil seie at målretta arbeid og spontane hendingar ikkje treng å stå i eit motsetningsforhold. Det inneber at vi må vere opne for dei interesser og idear som kan gjere seg gjeldande i, barnegruppa og foreldregruppa undervegs i barnehageåret.

Vi prøver å lage planane så lite detaljert at det er plass til barna sine ynskjer og tankar, jf. krav om barnas medverknad.

## Litt om oss:

Holmedal barnehagen har 2 avdelingar;

**Kletten** med barn som er 1-3 år. Telefonnummer til avdelinga; **48958535**

**Dokka** med barn som er 3-6 år. Telefonnummer til avdelinga; **91311278**

**Dokka**, turtelefon Pentagongruppa **90245859**

Kletten og Dokka er oppkalla etter 2 lokale fjell/høgder, der målet er å komme seg opp på dei i løpet av den tida barna går i barnehagen.

Vi opnar kl 7.15 og stenger kl 16.30. Aktivitetar og turar startar klokka 9 og tida mellom 9 og 14 reknar vi som kjernetid. Barn som kjem og går innanfor dette tidsrommet er det fint å få beskjed om slik at vi kan gi beskjed om kor vi er eller kva vi gjer.

# Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik» (RP 2107, s 19).

I Holmedal barnehage legg vi stor vekt på å møte barn der dei er. Vi er opptatt av å ha nære og omsorgsfulle relasjonar til alle barn og at barn skal syne omsorg for kvarandre. Alle barn skal oppleve seg høyrte og forstått sjølv om dei ikkje alltid kan få gjennomslag for det dei vil. Dei skal få rettleiing og hjelp til å takle små og store utfordringar.



Vi har «det støttande stilas» som grunnmur i vår måte å tenkje rundt barn på – «det barnet klarer med litt støtte i dag, klarer det sjølv i morgon».


Det vert då viktig å sjå kva barnet kan klare sjølv, sleppe dei til, støtte og rettleie ved behov. Vi legg vekt på sjølvstende, men med vaksen støtte.

Vi legg opp til at barna både kan ta imot og vise omsorg for både små og store. Vi legg vekt på å støtte barn i konfliktløysing framfor å gje dei ferdige løysingar eller overlate til dei sjølve å ordne opp.



# Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov



I botnen ligg tryggleikssirkelen (cos) som fortel oss at vi vaksne er dei som har ansvaret for at barn kjenner seg trygge og ivaretekne. Vi skal støtte dei når dei utforskar og når dei strevar med å øve på nye og vanskelege ting. Vi skal ta imot dei når dei treng trøyst og hjelp.

Vi som jobbar i barnehagen skal vere den „ladestasjonen“ de foreldre er heime, dei som syter for å fylle barnet emosjonelt når dei går tomme (eller helst litt før) og gjev dei støtte og oppbacking når dei tar seg ein sving ut i verda på eiga hand.

Ein trygg og god relasjon er ein føresetnad for at barn kan trivast og bli den beste utgåva av seg sjølv,

## Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» (RP 2017, s 20)

Leiken er barnets viktigaste aktivitet. Barn leiker for å leike. Barn leiker ikkje for å lære, men dei lærer når dei leiker. Leiken står sentralt i vår barnehage.



Vi observerer, lyttar og samtalar med barn om kva dei er opptekne av slik at vi betre kan legge til rette for den gode og djupe leiken. Vi krev ikkje at alle barn til ei kvar tid skal få vere med i all leik, men alle barn har rett til å leike med andre og det er vår oppgåve å fremje **«eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik» (RP 2017, s 20)**


Vi vil jobbe med korleis vi er med kvarandre, samhandling og kommunikasjon. Vi vil jobbe med leikekompetanse og kommunikasjon i leik; korleis gje og ta imot innspel frå andre? Korleis inkludere andre i leiken? Korleis inkludere seg sjølv? Og korleis kan vi seie «nei» på ein grei måte?

Vi har nulltoleranse for mobbing eller tilløp til mobbing, og utestenging av same barn over tid vert ikkje akseptert. Vi tenkjer likevel at av og til er det greitt å skjerme ein leik med nokre få involverte. Vi trur på leiken og på å gi felles opplevingar som grunnlag for felles leik. Vi trur på leiken som den viktigaste arena for språkleg utvikling og mangfald.



Risikoleik er nødvendig for barn si utvikling. Barn treng å kjenne at det kitlar i magen. Dei har behov for å kjenne suget når dei klatrar, spring så fort nedover at vinden sender håret vassrett ut, disser høgt opp i skyene og hoppar frå taket på leikehytta, når dei slenger seg i tau og syklar og akar. Barn treng å lære eigne grenser å kjenne før dei er farlege å krysse. Det krev at vi vaksne er bevisste på korleis vi kan legge til rette for risikoleik som ikkje inneber fare for alvorlege uhell, men og at vi er førebudde og kan yte førstehjelp ved behov.

## Barnehagen skal fremje danning



Danning er ofte forstått som oppdragelse, men danning er mykje meir enn det. Danning er den prosessen mennesket går gjennom når det vert seg sjølv. Danning er det som sit att når alt anna er gløymt. Danning er ikkje noke ein vert ferdig med, «ferdig danna», men ein prosess som varer heile livet. Nokre snakkar om karakterbygging – det kan dekke litt. Målet med danninga er uansett å skape føresetnad for at kvart einaste individ skal kunne delta i

fellesskapet med sine ressursar, vere ein del av det, kjenne seg viktig, **«utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar» (rp 2017, S 21)**

For å klare det må vi anerkjenne og bekrefte den einskilde, verdsette ulikskap og sjå mangfald som ein ressurs. Vi må «utfordre tenkinga til barnet og invitere dei inn i utforskande samtalar» Vi må ta imot alle dei utfordrande «koffø da?» og sjå dei som innspel til kritisk tenking og mangfald.

## Barnehagen skal fremje læring

**«Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring» (rp 2017, s 22)**

Barnet lærer med heile seg – i samspel med andre og med dei ressursane som er rundt det. Då må barnehagen legge til rette for inkluderande miljø der alle barn får høve til å bidra, alle vert slept til, får oppleve meistring og utviklar lærelyst og tru på eigen evner.

Vi skal ta omsyn til barna sine interesser og dei skal få vere med i planlegging og vurdering av barnehagen sitt innhald. Vi held derfor fram med «Barnas val» der dei eldste barna får velje tema for ei heil veke.

Saman med foreldra og dei tilsette får barnet høve til å planlegge aktivitetar og deltema for eit område barnet har særleg interesse for. Barnet har regien, mens vi vaksne oppmuntrar, etterspør og kjem med idear til kva vi kan legge opp til. Mykje er mogleg og andre ting er ikkje gjennomførbare – då må vi realitetsorientere barna 😊

## **Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap**

«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne (rp 2107, s 22)

Fellesskap og vennskap vil vere sentralt i arbeidet mot mobbing og utestenging. I barnehagesamanheng snakkar ein meir om begynnande mobbeåtferd. Eit barn med gode leiaregenskapar treng rettleiing i bruken av dei for ikkje å utvikle uhensiktsmessige strategiar som t.d. å styre dei andre barna i leiken. Eit sjenert barn treng støtte i å tru på seg sjølv og tore å vere ein aktiv deltakar i fellesskapet – då er det ikkje like lett å stenge ute eller overstyre.

Vi prøver å unngå omgrepet «besteven» då dette ordet kan bidra til ekskludering. Samstundes må vi respektere at nokre barn har betre kontakt enn andre barn, dei skal likevel lære seg å behandle alle med omsorg og respekt. Vi stoppar ikkje barn som brukar ordet, men unnlet å bruke det sjølv. Vi fokuserer på at i barnehagen er vi venner, og nokre gonger er det greitt å skjerme ein god leik. Fellesaktivitetar har alle tilgang til.

Leiken skapar vennskap og vennskap skapar leik. Vi har særleg fokus på kva det er å vere ein venn og at alle menneske er like verdifulle. Alle kan vere ein mogleg venn om dei berre får sjansen.

Vi støtter opp under dei vennskap som oppstår, legg til rette for nye band og samtalar om kva reglar for å vere saman som er bra. Vi oppmodar barn til å inkludere andre i leiken, hjelper til med å finne roller og rekvisittar, støtter i



kommunikasjonen og legg opp til felles opplevingar som kan gje grunnlag for felles lek i etterkant.

Vi vil hjelpe barna til å sjå ting frå fleire sider og peike på korleis andre kan forstå annleis enn dei sjølve. Dette vil og vere til hjelp for barna i konflikthandtering ved seinare høve.

## **Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk**

«Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» (rp 2017, s 23)

Forsking har vist at det er stor skilnad på barns ordforråd ved skulestart, denne skilnaden held fram og gapet vert større. Språk er mykje meir enn berre prat, og kommunikasjon er ein føresetnad for deltaking i eit fellesskap. Bøker skaper ein felles plattform for samtalar både med og utan ord og vil kunne støtte og skunde på eit gryande språk. Barnehagen skal støtte den einskilde i si språkutvikling, oppdage og eventuelt søkje ekstern hjelp og rettleiing når eit barn har utfordringar både med omsyn til språket og når det gjeld kommunikasjonen.

Vi skal halde fram med lesing og lesegrupper i Holmedal barnehage. Vi vil velje ut bøker som vi går i djupna på og knyter temaarbeid opp mot. Førskulegruppa vil på vårparten også jobbe med fortsettelsesbøker – bøker som ikkje vert avslutta i ei økt, men held fram neste økt.

## **Nøkkelomgrep**

Som ein del av den sosiale kompetansen nyttar vi 7 nøkkelomgrep; opptatt, ledig, dele, vente og rydde, hjelpe og samarbeide.



- Om du kan sjå når noke er opptatt, enten det er ei leike, ein ven eller øyrene til den du vil prate med, kan du vente til det vert ledig.
- Vi delar på leikane, på plassen og på vener. Dette gjeld og dei leikane vi har med heimefrå og dei venene vi er ilag med utanom barnehagetida.
- Kan du rydde leikene og klea etter deg, kan du og lære deg å rydde plass til det du ynskjer i livet ditt seinare.
- I leik, aktivitetar og overganger hjelper og deler vi med andre. Vi øver oss på å ta imot beskjeder og følge regler, bruker ventetid og kjenne på meistring. I samarbeid utvikler vi desse ferdighetene.



## Barns medverknad

- **Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.**
- **Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.**
- **Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.**  
(Barnehageloven, §3)

For dei små er det derfor viktig at dei vaksne «lytter» til kroppsspråket og hjelper dei med å sette ord på kjenslene. (ynskjer). For dei store er det viktig at dei føler at dei får anerkjenning for uttrykka sine.

Barnehagen prøver å gi rom til ulike meiningar. På den måte lærer barna at vi tenker ulikt og at det er viktig å kunne sette sine egne behov til sides. Først då kan alle komme til ordet og alle kan bli høyrte.

Barns medverknad må ikkje forståast slik at barn alltid skal inn og bestemme, det er snakk om eit demokrati som også vi vaksne deltek i. Samtidig har vi ansvar for å få fram kvar enkelt si stemme. Dette gjer vi

ved å skape rom for ynskjer og behov. Foreldre kan hjelpe barn si stemme ved å fortelje oss kva barnet formidlar heime, og saman kan vi hjelpe barnet til å få gjennomslag eller forstå kvifor det ikkje går. Barnas val er ein av våre måtar å dra barna og foreldre med i planlegging av barnehagen sitt innhald.

Når vi planlegg turar, mat, aktivitetar m.m. har vi ofte barn med i planleggingsfasen. Det er ikkje alltid dei er samde, men då ser vi korleis vi og kan ivareta dei ynskja som ikkje kan verte innfridde der og då. Dette er ein del av oppdraging til demokrati – og fleirtal og mindretal.

Det er og viktig at barna får vere med i evalueringa av barnehagen sitt innhald og organisering. Dei minste barna gjev tydeleg uttrykk for kva dei meiner gjennom kroppsspråket, men det er heller ikkje alltid dei større har orda for kva dei meiner eller klarer å gje uttrykk for det. Derfor er observasjon ein viktig reiskap for å få fram kva synspunkt barna har.

Medverknad handlar og om kva dei får vere med å gjere. Det er ikkje mykje i ein barnehagekvardag barn ikkje kan delta i, dei kan dekke bord, dei kan lage mat, dei kan koste golv, dei kan leie ei samling, dei kan leike og ... vi vil i endå større grad enn tidlegare invitere barna inn i dei praktiske gjeremåla.

## Foreldremedverknad

«Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål» (rp 2017, s 29)

Arbeidet i barnehagen skal byggje på ein grunnleggjande respekt for foreldras rett til å oppdra sine barn ut frå deira tradisjonar, verdiar og vurderingar, føreset at dette er i samsvar med norsk lov. Barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag barnehagen er forplikta til å følgje. Samstundes må vi arbeide for at barnet ikkje skal komme i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen.

Det formelle samarbeidet er organisert slik:

- Foreldrerådet (alle foreldra)
- SU (samarbeidsutvalet består av to foreldre, to frå personalet, styrar og eigar)
- Foreldremøte, haust og vår

- Foreldresamtalar

Informasjon er ein viktig føresetnad for at foreldre skal kunne vite kva som føregår i barnehagen, og ha reell innverknad. Vi har organisert informasjon vår til foreldre/føresette slik:

- Informasjon/velkomstbrev til våre nye barn
- Årsplan
- Dagleg dialog.
- Informasjon på tavle i gangen
- Askvoll kommune nyttar Visma «Min barnehage – foresatt» som kommunikasjonskanal mellom barnehage og heim. Der kjem beskjedar, meldingar og 1-2 gonger i veka ei oppdatering på kva vi gjer på ilag med barna.
- Tilbod om minimum to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret der barnehagen og foreldra utvekslar informasjon
- Det vil alltid vere høve til å spørje om det er noko de lurar på.



## Samarbeidspartnarar

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er jamleg på besøk. Våre hovudkontaktar i PPT er Berit Bjørnsen og Veronica Fugle Russenes. Vi samarbeidar og med andre fagpersonar i PPT ved behov, som psykolog, sosionom og logoped.

Barnevernstenesta har vi kontakt med ved behov. Dei er inne og rettleiar oss i personalet når det er trong for det. Dei er og tilgjengelege for spørsmål vi måtte ha. Barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet etter barnehagelova §22 [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_7#%C2%A721](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_7#%C2%A721)

Holmedal Montessorriskule og Askvoll skule er dei skulane vår barn går over til. Vi har overgangsplanar i forhold til begge skulane og har ofte barn som skal til begge stader. Plan for overgang vert sendt ut på våren.

Helsevesenet har vi kontakt med på fleire område. Smittevernlegen er den vi kontaktar ved smitteutbrot som gjeld heile kommunen. Helsesøster vert kontakta når det er helsefaglege spørsmål som gjeld barn i barnehagealder. Helsesøster tek og kontakt med barnehagen når dei lurar på noko, men då kontaktar vi foreldre og ber om samtykke om det gjeld sensitive opplysningar.



Tverrfagleg team i Askvoll kommune består av representantar med ulike fagbakgrunn. Oppvekst ved skule eller barnehage, helsesjukepleiar, helsestasjonslege, BUP, PPT, kommunepsykolog, og barnevernstenesta er faste medlemmer. I tillegg møter den som har ei sak å løfte opp til drøfting med fleire faggrupper. Andre aktuelle faggrupper kan og delta ved behov som t.d. NAV, fysioterapeut o.a. Dersom ein ikkje hentar inn samtykke, vert saka anonymisert slik at ho ikkje kan sporast til kva barn det gjeld. Foreldre kan og inviterast inn, det er jo dei som eig saka.

Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet i Vestland er eit tilbod til alle barn og unge, og deira foreldre, som opplever å ikkje ha det bra i barnehagen eller på skulen. Mobbeombodet rettleier i saker som handlar om psykososialt miljø, om barnet sine rettar og korleis du kan gå fram om du ikkje har det bra. Mobbeombodet har teieplikt.

Alle kan ta kontakt med mobbeombodet; på telefon 57 30 03 33 eller på e-post [mobbeombod@vlfk.no](mailto:mobbeombod@vlfk.no)  
Du kan følgje ombodet på Facebook ([www.facebook.com/mobbeombod](https://www.facebook.com/mobbeombod)) eller på Instagram (<https://www.instagram.com/ombodvestland/>).

Du kan lese meir om ombodet og korleis du kan få hjelp, på [www.vlfk.no/mobbeombodet](http://www.vlfk.no/mobbeombodet)

## Samanhengar

Når barn startar i barnehagen set vi av god tid til den einstilte familie. Nyare forskning kring tilknytning syner at det er viktig å bruke tid. Sjølv

om barnet ser ut til å takle det å begynne i barnehagen lett, brukar det alltid tid på å verte trygg på at dei nye vaksne ser og forstår og er der for dei. Vi ser gjerne at barnet kjem på besøk fleire gonger saman med foreldre før barnehageoppstart. Dette gjeld og ved overgang frå ein annan barnehage.

## **Førskule og samanheng frå barnehage til skule.**

I rammeplanen 2017 står det at barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og evt skulefritidsordninga. I Askvoll likar vi å snakke meir om samanhengar enn overgangar. utfordringa vår ligg å få alle dei ulike arenaene barna skal innom til å henge saman.

Vi har eit tett samarbeid med nærskulen i Holmedal, og vi har ein ettermiddag i veka besøk av 2 barn frå 6. trinn, der dei kjem opp i barnehagen og er leikeressursar for barna. Vi vil og ta til med bruk av gymsalen att i haust.

Nytt frå hausten 2022 er at vi ynskjer eit utvida samarbeid mellom førskulebarne og Montessorriskulen der ei gruppe av barna (rullerande) vil vere med gruppe 1 allereide frå i haust. Vi har tidlegare hatt 4-5 dagar på våren då førskuleungane får være med i skulen si undervisning på føremiddagane, dette vil vi halde fram med. Målet er at barna skal bli godt kjende med elevar, lærarar og rutinar som dei møter ved skulestart. I samband med overgang til skule og barnehage, vil styrar/pedagogisk leiar ha ei overgangsamtale med skulen der ein fortel litt om barnets eigenskapar, styrker og utfordringar. Dette vert gjort i samråd med foreldra som vert innkalla til samtale der overgangsamtala er tema.

Vidare seier rammeplanen at dei eldste borna skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og dugleikar som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å starte på skulen.

I vår barnehage brukar vi Trampolinematerialet. Kvart førskulebarn får kvar sitt trampolinehefte som vi jobbar med.

<http://www.gyldendal.no/grs/Trampoline>

# Praktiske opplysningar:

## Måltid:

Dei barna som ynskjer å ete frukost får det fram til klokka 08.30. Vi ber om at barn som skal ete frukost i barnehagen er komen til 8.15. Avdelingane lagar smørjemåltid til lunsjen. Av og til lagar vi varm mat. Utgifter til mat vert betalt av foreldra over barnehagebetalinga. Fruktmåltid og mjølk er inkludert i foreldre betalinga.

## Barnas sikkerheit.

Det er viktig at de let att portane kvar gong de går gjennom dei. Vi ser helst at barn ikkje går ut på parkeringsplassen åleine for å vente på foreldra. Det er og viktig at dei tilsette får beskjed dersom barnet skal hentast av andre enn føresette og om dei kan få eventuell informasjon. Vi ber om at de godkjenner/ikkje godkjenner samtykkepunkt i Visma.

## Merking av tøy og sko.

Namnemerking lettar personalets arbeid og kan hindre at barnas klede forsvinn. Namnelappar kan kjøpast, men skriv gjerne med tusj på merkelappane som finnst i klea og under foten på sokkane.

## Klesskift/regntøy.

Ekstra klesskift er nødvendig; både truser, strømper, strømpebukser, bukse, tjukk genser ol. Alle barn har ein plass til bytekle. Dersom det ikkje er bytekle i barnehagen, ringer vi foreldra.

## Barnehagesekk.

Vi har som mål å ha ein eller fleire utedagar kvar veke med barna på Dokka. Barna vil då trenge ein barnehagesekkk som er god å bære, ikkje for stor (plass til ei flaske og ei jakke) og har brystreim/magebelte slik at den ikkje sklir ned på skuldrane. Det er ein fordel om den har regntrekk slik at innhaldet held seg tørt også ved nedbør.

## Start på dagen.

For å unngå at vi venter på barna som ikkje kjem vil vi gjerne ha beskjed før 9 når ditt barn ikkje kjem i barnehagen og m.o.t. bestilling av vikarar ynskjer vi å få beskjed dagen før (sjølv sagt om mulig).

På turdagar er vi i barnehagen til kl. 9. Når barna kjem etter dette tidspunktet må foreldra køyre barna til turmålet. Barnehagen heng ein lapp på døra der det står kor dei er dersom heile gruppa er på tur.

## **Bursdagsfeiring**

Barnehagen ynskjer ikkje å markere bursdagar med kaker eller is, det vert nok feiring med søtsaker ilag med familie og vener. Vi gjev merksemd til barnet ved flagging, krone og bursdagssamling. Bursdagsbarnet har medverknad i kva vi gjer og kva vi et den dagen.

**Vi ser fram til eit godt samarbeid med doke i dei viktige åra der vi får lov å låne barna.**